



Nissedal kommune Rådmann

NVE Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2017/670-2	Jan Arvid Setane,35048404 jan.setane@nissedal.kommune.no	S11	20.06.2017

Uttale til søknad om konsesjon for utbygging av Åmotsfoss kraftverk

Vi syner til brev av 11.mai 2017, der NVE legg *søknad om konsesjon for bygging av Åmotsfoss kraftverk* ut til høyring.

Nissedal kommune er generelt positive til utnytting av vasskraft til produksjon av fornybar energi, men den enkelte utbygging må vurderast opp mot dei eventuelle negative følgjene ei utbygging vil føre til.

Åmotsfoss i Nidelva ligg i eit område som kommunen ikkje kan sjå at ei utbygging vil vere i konflikt med andre sær-interesser.

Dersom ei utbygging fører til ein meir stabil vasstand mellom Høgefoss kraftverk og Åmotsfoss, er dette positivt for busetnaden i Haugsjåsund. Det vert derimot ikkje vurdert som positivt dersom den "ordinære" vasstanden skulle auke frå dagens nivå. Slik vi har lese søknaden er det sannsynleggjort at dette ikkje vil skje, og vi må ha tillit til at NVE med sin kompetanse gjer ei vurdering av dette spørsmålet.

Innbyggjarar i Haugsjåsund og kommunen sjølv er kanskje mest uroleg for om denne utbygginga vil gje høgare risiko for svært høg vasstand ved flaum. Storflaumane siste 30 år har synt at det er små marginar før bygningsmasse vil stå under vatn. Dette må vi også ha tillit til at NVE gjer ei grundig vurdering av, men vi vil likevel peike spesielt på dette. I tillegg til å sikre at risikoen for dette ikkje aukar, ber vi NVE vurdere om denne utbygginga tvert i mot kan bidra til å redusere slik risiko, ved at Åmotsfoss får ein større "sluke-kapasitet".

Med helsing

Jan Arvid Setane
Kommunalsjef samfunn og utvikling

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.